

Takstretningslinjer for bilrutene i Møre og Romsdal 2012

gjeldande frå 01.01.2012

Innhald

Takstretningslinjer for bilrutene i Møre og Romsdal 2012	1
1. Reisebilletter	2
1.1. Vaksen enkeltbillett	2
1.2. Periodekort 30 dagar	2
1.2.1 Periodekort på buss gjennom Atlanterhavstunnelen.....	2
1.3. Miljøkort	2
1.4. Reisepenger / Verdikort	2
1.5. Ungdomskort.....	2
1.6. Grupperabatt på enkeltbillett	2
1.7. Barn.....	3
1.8. Skole- og studentrabatt	3
1.8.1 Skole- og studentrabatt på enkeltbillett	3
1.8.2. Skole- og studentrabatt på månadskort.	3
1.9. Fri reise for følgjeperson til funksjonshemma	3
1.10. Honnørrabatt	3
1.11. Vernepliktig personell og siviltenestepliktige.....	3
1.12. Periodekort buss / ferje eller buss / hurtigbåt.....	4
2. Reisegods, sykkel, hund.....	4
2.1 Reisegods, sykkel, sparkstøtting mv.	4
2.2 Hund	4
3. Refusjonar og gebyr	4
3.1. Periodekort/månadskort.....	4
3.2. Refusjon av periodekort ved sjukdom	4
3.3. Gebyr	4

1. Reisebilletter

1.1. Vaksen enkeltbillett

Minstetakst i 2012 kr. 30,-. Taksten aukar med reiselengda (takstøret multiplisert med middellavstanden i takstsona på den aktuelle reisa pluss 6 km). Sjå vedlagte takstabell.

1.2. Periodekort 30 dagar

Kortet gjeld ein bestemt person på ei bestemt reisestrekning. Det gjeld for eit uavgrensa tal reiser i perioden det er gyldig. Periodekortet gjeld frå dato til dato. Kortet kan også gjelde fleire ruter med ulikt ruteval. Prisen vert då utrekna etter det lengste alternativet. Dette gjeld også der fleire ruteselskap kjem inn. Selskapa har også høve til å selje periodekort for 15 dagar.

Kortet skal innehalde eit fotografi av den reisande.

Dersom hurtigbåt er ein del av reisestrekninga, sjå punkt 1.12.

1.2.1 Periodekort på buss gjennom Atlanterhavstunnelen

Periodekortprisen for bussreisa vert auka med 13 x einskildebillett i bompengesambandet.

1.3. Miljøkort

Miljøkort er rabatterte periodekort. Dei skil seg frå ordinære periodekort ved at prisen er lågare og at barn har høve til å kjøpe dei. Takstar for dei ulike miljøkortordningane i Møre og Romsdal gjeldande frå 1. januar 2012 finn ein i taksttabellen.

1.4. Reisepenger / Verdikort

Reisepenger / Verdikort kan nyttast som betalingsmiddel på buss og hurtigbåt. Kortet kan nyttast til betaling av enkeltbillett, gruppebilletter, månadskort og til betaling av frakt.

Bruk av verdikort / reisepenger gir 17% rabatt på vaksen einskildebillett.

1.5. Ungdomskort

Ungdomskort gir rett til eit uavgrensa tal reiser innan Møre og Romsdal fylke i den perioden kortet gjeld for. Kortet gjeld for aldersgruppa inntil 20 år.

Ungdomskortet gjeld reiser med buss-, hurtigbåt- og ferjeruter og med bussrute gjennom bomstasjon. Kortet gjeld ikkje på nattbussar.

1.6. Grupperabatt på enkeltbillett

Grupper på to eller fleire som reiser saman og løyser felles billett, får 25 % rabatt på enkeltbillett når strekninga er meir enn 40 km.

Grupperabattane gjeld berre vaksne og barn, ikkje for t d vernepliktige og honnørreisande, men dei kan telje med for å utgjere ei gruppe.

1.7. Barn

Barn under 4 år: Reiser fritt når reisa skjer samen med en voksen person. **Barnehagar** kan krevjast for barnetakst også for yngre barn enn 4 år.

Barnetakst skal betalast frå og med fylte 4 år **inntil fylte 16 år**. Barnetaksten er 50 % av vaksen enkeltbillett takst avrunda til næraste 5 krone.

Frå og med fylte 16 år skal vaksen takst betalast.

1.8. Skole- og studentrabatt

Det må framleggast gyldig skole- eller studentbevis for å oppnå skole- og studentrabattar.

1.8.1 Skole- og studentrabatt på enkeltbillett

Skoleelevar og studentar får 50 % rabatt på enkeltbillett på reiser frå 70 km ein veg i Møre og Romsdal og reiser til/frå Sør-Trøndelag. For kortare reiser enn 70 km kan ein løyse billett for 70 km. Ein kan ikkje pårekne samordna billettering dersom ein må løyse billett med fleire selskap.

Skoleelevar og studentar får 25 % rabatt på fylkesoverskridande ruter mellom Sunnmøre og Sogn- og Fjordane. Bilrutene i Sogn og Fjordane nyttar same rabatt (NORWAY BUSSEKSPRESS sine takstar og rabattar).

1.8.2. Skole- og studentrabatt på månadskort.

Skoleelevar og studentar får 40 % rabatt på månadskort.

1.9. Fri reise for følgjeperson til funksjonshemma

Følgjeperson med følgjepersonbevis reiser fritt saman med funksjonshemma. Følgjepersonbevis skal vere utskrive av kommunen der den funksjonshemma høyrer heime.

1.10. Honnørrabatt

Honnørrabatt er 50 % av vaksen enkeltbillett takst, og gjeld alle som er over 67 år eller som mottek uførepensjon etter folketrygdloven eller er blinde.

Ektefelle, registrert partner eller sambuar i følgje med person som har rett til honnørbillett har sjølv rett på honnørbillett.

Honnørrabatt kan ikkje kombinerast med andre rabatterte billettformer.

Dei som gjer krav på honnørbillett må vise godkjent legitimasjon.

1.11. Vernepliktig personell og siviltenestepliktige

Vernepliktig mannskap og siviltenestepliktige får 50 % rabatt på vaksen enkeltbillett. Minstetakst er likevel minstetaksten for vaksen enkeltbillett.

Vernepliktige og siviltenestepliktige har ikkje krav på andre rabattformer (som t d studiemoderasjon eller grupperabatt) i tillegg.

Vernepliktboka tener som legitimasjon. For innkallingsreiser gjeld innkallingsordren som legitimasjon.

Større fellesreiser må tingast og betalast spesielt slik at kostnadene blir dekt.

1.12. Periodekort buss / ferje eller buss / hurtigbåt

Det blir selt gjennomgåande periodekort buss / ferje.

Buss / hurtigbåt: Samordna periodekort seljast på enkelte strekningar.

2. Reisegods, sykkel, hund

2.1 Reisegods, sykkel, sparkstøtting mv.

Reisegods inntil 20 kg kan fritt takast med.

For større gods som sykkel, sparkstøtting og liknande skal det betalast barnetakst med minstetakst som for vaksen – maksimalt kr. 100,-

2.2 Hund

Hund kan tas med mot betaling av barnetakst. Førarhund saman med blind reiser fritt.

3. Refusjonar og gebyr

3.1. Periodekort/månadskort

Periodekort kan løysast inn i den perioden det er gyldig for. Det vert sett på som om kortet er nytta t o m den dag kortet vert sperra. Refusjon vert gjeve etter denne formelen: Pris for periodekort med frådrag av 2 reiser pr. dag til einskildbillett minus 17 % rabatt (som for verdikort).

3.2. Refusjon av periodekort ved sjukdom

Krav om refusjon meldast til Trafikanten Møre og Romsdal AS, billettluke@kollektivkortet.no.

Kortet blir sperra for bruk, og refusjon vert gjeve mot legeerklæring med 1/30 av kortprisen (30-dagers kort) pr. dag kortet ikkje har vore nytta.

3.3. Gebyr

Reisande som ved kontroll ikkje kan vise gyldig billett eller kort, skal i tillegg til billett betale eit gebyr på kr 500,- ved betaling på staden. Ved fakturering er gebyret sett til kr. 750,-.

Gyldige skole- og studentbevis:

For å ha rett til studentmoderasjon må den reisande være heiltidselev ved vidaregåande skole-, høgskole eller universitet. Godkjent legitimasjon er skulebevis frå vidaregåande skular i fylket, studentbevis med kvittering for betalt semesteravgift frå universitet eller høgskole.

Avrundingsreglar:

Frå 2012 er alle enkeltbillettar avrunda til næraste fem kroner.